

Protokoll styremøte i Valdresmusea AS**2025:1**

Tidspunkt: Fredag 31. januar 2025

Valdres Folkemuseum kl. 10.00—13.00

Til stades: Odd Erik Holden, Odd Arne Klemmetsrud, Frode Rolandsgard, Brita Brenna og Kristin Gulbrandsen. Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

Sak 1/2025: Budsjett

Administrasjonen legg fram forslag til budsjett for 2025. Budsjettet følgjer av vilkåra gitt av statsbudsjettet, andre offentlege tilskott og dei eigenskapte inntektene. Budsjettet følgjer opp målsettingane frå selskapets strategi, i tillegg til dei måla som styresmaktene elles ber ein følgje opp. Totalbudsjettet er på 24 963 100 kroner, og viser eit positivt resultat på 203 200 kroner.

Det statlege tilskottet utgjer brorparten av det offentlege tilskottet og er i 2025 på kr. 14 924 700. Tilskottet gir ei auke på 3,5 %. Det fylkeskommunale tilskottet er på kr. 2 785 800, som betyr ei auke på 4,1 %. Det kommunale tilskottet er på kr. 1 115 000. Tilskottet følgjer folketalsutviklinga – samt eit tillegg på kr. 2 per innbyggjar, men gir inga kompensasjon for lønns- og prisvekst.

Det statlege tilskottet gav i 2024 ei auka til drifta på kr. 1 mill. Auka skal i 2025 sikre ei ny stilling knytt til forskning og utvikling. Stillinga er enno ikkje besatt.

Besøksutviklinga er god med samla 77 000 gjester i 2024. Omfanget av betalande gjester ser ut til å vere på same nivå som i 2023. For 2025 legg ein inn ei forsiktig auke i salet av billetter på kr. 850 000 (budsjettmål 2024 var 830 000).

Besøksauka er særleg knytt til kafeen og eksterne arrangement som museet ikkje hentar direkte billettinntekter frå. Dette er for så vidt bra, men vi skulle aller helst sett at det konvensjonelle, betalande besøket hadde auka. Noko av forklaringa finn ein i dei nasjonale trendane med nedgang på 6 % blant reisande nordmenn – som er ei viktig målgruppe for vårt museum, og ei auka i det internasjonale besøket på 14 % – som tilkjem Lofoten og byane.

Prosjektinntekter er viktige bidrag til balansen i budsjettet og for 2025 budsjetterer ein med cirka 2,5 mill. kroner i slike inntekter. Dei er knytt til fleire av dei kjente prosjekta; Eit skigardsdele, Ung i debatten og Kloke hender. Fleire prosjekt nærmar seg ein slutfase. Det er viktig at ein framover søker seg mot fleire inntektsbringande samarbeid.

Det har vore lite å hente på samarbeid med tidlegare kafedrivarar. Men kafeen går no godt, og sjølv om det per tid er noko mindre trafikk enn i sesong har ein mål om at provisjonsinntekter og refusjon for felleskostnadar skal utgjere 300 000 kroner.

Personalkonstandane aukar i takt med ekstratilskottet frå Kulturdepartementet (1 mill. kroner frå 2024) og utgjer samla kr. 15 031 400. Dette utgjer cirka 77 % av dei offentlege inntektene (då er prosjektfinansierte lønsmidlar trekt ifrå). Dette er høgt og gir følgeleg eit svakt handlingsrom til andre nødvendige oppgåver og tiltak.

ENØK-tiltaket vart ferdigstilt i desember 2024 og er det største rehabiliteringstiltaket nokon gong. Tiltaket er venta å ha ein positiv effekt med lågare energiforbruk og -kostnadar. Forventa straumkostnadar i 2025 er 450 000 kroner.

Vedtak: Styret vedtek budsjettet for 2025.

Sak 2/2025: Førebels årsrekneskap 2024

Den førebelse årsrekneskapen viser eit driftsresultat på 61 429 kroner. Dette er svakare enn det vedtekne resultatmålet og skuldast i all hovudsak auka kostnadar knytt til rehabiliteringa av Velkomstbygget. Sjå vedlagt rapport.

Rekneskapen for 2024 er ikkje avslutta, så det vil kome endringar som vil påverke sluttresultatet. Det er per tid ikkje bokført endringar i varelager for instrumentverkstaden og det er heller ikkje bokført eksakte kostnadar for etterbetaling av lønsauke for 2024.

Forhandlingsresultatet mellom Virke og fagforeiningane var fyrst klart 13. januar 2025. Ny løn skal etterbetalast frå 1. mai 2024. Det er bokført ein avsetning i den førebelse rekneskapen på kr. 400 000, som skal vera stor nok til å ta omsyn til det som ikkje alt er bokført. I førre styremøte vart det varsla om eit årsresultat for 2024 nær kr. 0, eit resultat som framleis er realistisk.

Vedtak: Styret tek den førebelse årsrekneskapen for 2024 til vitande.

Sak 3/2025: Orienteringar

Flaumsikring:

Administrasjonen var førre veke i møte med kommunedirektør Martin Sæbu i Nord-Aurdal kommune, og orienterte om planane for eit flaumsikringstiltak på Valdres Folkemuseum. Vi gjekk gjennom utgreiinga frå SKRED og snakka om viktigheita av å sikre statleg finansiering. Sæbu lytta interessert og lova å undersøke moglegheitene for forankring til kommunens planar.

Administrasjonen har undersøkt tilskotsordningane i NVE og det kan sjå ut som tiltaket vårt er støtteberettiga. I e-posten til innkallinga legg vi ved lenke til ordninga, samt stortingsmeldinga «Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred» som vart lagt fram 31.mai 2024. Her er det foreslått endringar som vil berøre NVE sine støtteordningar. I meldinga peiker ein på kommunen sitt ansvar for heilskapleg samfunnsplanlegging, samt at den kommunale andelen skal/kann senkast til 10 % av totalkostnaden. Det betyr at eit eventuelt statleg tilskott til vårt prosjekt vil redusere den kommunale byrden.

I møte med Sæbu vart vi einige om å jobbe vidare med eit notat der vi drøftar forventningar til kommunal medfinansiering, kostnadar med fløtting av trafostasjon mm. Målet er å ferdigstille ein søknad til kommunane i løpet av vinteren 2025.

Rehabilitering Velkomstbygget:

Arbeidet starta hausten 2022 og vart ferdigstilt i desember 2024. Tiltaket omfattar fornying av taket med solcelleanlegg på vestsida mot fjorden, fornya vegg på austsida av bygget, samt ei rekke innvendige tiltak med bl.a. ventilasjon, tetting av lister og isolering.

Tiltaket fekk ein total kostnad på 6,7 mill. kroner og vart finansiert med støtte frå Innlandet fylkeskommune, Valdres-kommunane og Enova. Tiltaket vart gjennomført av driftsselskapet Valdresmusea AS. Vedlagt rapport med omtale, rekneskapsrapport samt fotodokumentasjon.

Rapporten ligg vedlagt.

Utvandrarjubileet:

Valdresmusea og Valdres folkemusikkarrangement (Jørn Hilme-stemnet) har fått 150 000 kroner i støtte frå Innlandet fylkeskommune til tiltak i samband med utvandrarjubileet i 2025. Planar for året omfattar skuleopplegg, foredrag, konsertar, dokumentasjon av reistane etter byggjeskikken frå Valdres i Amerika, og seminar om norsk-amerikanaren Thorstein Veblen.

125-årsjubileum for Valdres Folkemuseum:

Valdres Folkemuseum vart etablert i 1901 og markerer derfor 125 år i 2026. Formidlingsgruppa ved museet har allereie starta noko idémyldring, men ein ber om at blir nedsett komité med ein representant frå styret. Forslag til representant i jubileumskomiteen: Odd Erik Holden.

Vedtak: Styret tek den framlagte orienteringa til vitande.